Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ard og plog

Oppskr. av: Aanund Aardalen

(adresse): Ytre Hjartdal

Fylke: Telem.

Herad: Hjartdal

Bygdelag:

Gard: Haugeberg

G.nr. 52 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 No etter at plogen kom i bruk har ikkje arden vore bruka

2 Arden vart bruka istadenfor plog, altso til å pløye åkeren med.
Når ein pløygde med arden måtte ein ha folk med, til å grava fora. D.v.s. dei bruka då ~~grev~~ grev til å grava opp rota i åkeren - altso ugrasrota - Ho vart lagd i haugar på åkeren og anten boren av ulen og köyrd burt. Aakeren vart solis rein for rotugras so kan åkeren den gong var mykje reinare enn som ein brukar no å ulde fora.
Kornet vart harva ned med horo-mylle-horo-. Der ein ikkje kunne koma med harva bruka ein grev-„myllegrov".
No er dette slutt.

3 Dei bruka arden til å laga fader ~~når~~ når ein sådde poteter. No brukar folk berre hyppe-plog overalt. Folk skilde ... mellom ard og hyppeplog.

4 Den arden som vart bruka er mest like fig 3.

5 Nei, skjekene til arden av typen fig 3 vart kalla „skoklar", skoklerei. „Riskap" her i Hjartdal
(Eg skal til våren sende foto av skoklar. Vonleg

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6019

kan eg og få foto av den gamle arden- om eg kjem til Åmotsdal hi sumaren).
Skoklar reidskap - skjeker - både til ard og plog. Det fremste tverrtreet homultre. I desse vert sa homuljönnet smitt i gjenom treet på midten. Millom homujönnet og plogen eit jönnlekk. I kvar ende ~~av det tre eit~~ av homultreet er det jönnlekk -(lenke) og so eit tre på kvar side som heiter skokkel eller skokkatt som er feste til arda i silen med ardepinnane.
I gamal tid bruka dei ofte vidjelekkar i staden for jonnlekkja millom homultreet og og skokkeltrea.
Sp. 7 Nei. 8. Arden hadde inga velte fjöl.
Sp. 9 Ordet ard vart aldri bruk om harv.
Sp. 10 Nei ikkje det eg kan huge.
Både arden og dei fyrste plogane som vart bruka vart laga av bygdesmidar.
Sp. 13 No vert det bruka berre fabrikksmidde plogar. Kva tid det vart slutt med heimesmidde plogar hev eg ikkje fenge oppgjeve men det er lenge sidan her i Hjartdal
I Åmotsdal veit at på nokre gardar vart det bruka ard omkring 1900-
Sp. 14 Eg kan ikkje minnast å sett type nr. 8
Til sumaren skal eg fara omkring og arbeide for bokverket „Norske Gardsbruk" og skal då sjå etter gamle typer av plogar.
Sp. 15 Plogkaren bruka helst eit greve som dei bruka til grava fåra med.
Sp. 18 Ein hadde nok ofte ein hadde både ein högre og ein vinstre plog
Sp. 22 Ein bruka mökslede (I Hj. dal „mökalöä") til å köyra plogen på når ein reide på åkren.

6019

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ein gamal mann på 88 år fortel at Heimdals plogen var den fyrste fabrikk-smidde plogen her i bygda.
Ein kjend bygdesmed her i Hjartdal heitte Halvor Tokasin. Ein annan Andres Haugen (med tilnamnet A. „Tambur").

Emneliste nr. 17 Torvtaking er ukjent her.

6019

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING